



Jordvernstrategi for Voss herad, 2026-2038

Føremål og bakgrunn

Jordvernstrategien byggjer på NIBIO-rapporten «[Grunnlag for jordvernstrategi for Voss herad](#)», utarbeidd med midlar frå Landbruksdirektoratet. Jordvernstrategien skal synleggjera verdien av dyrka og dyrkbar jord i forvaltinga, og hindra at verdifulle jordressursar går tapt.

Føringane i jordvernstrategien vert teke med i revideringa av arealdelen til kommuneplanen (KPA), som ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget. Relevante føringar vil forankrast juridisk gjennom føresegner i KPA. Jordvernstrategien vil i utgangspunktet gjelda for same tidsperiode som revidert KPA, 2026-2038, med atterhald om at innstrammingar av det nasjonale jordvernmålet gjer revidering naudsynt tidlegare.

Nedbygd areal

I perioden 2005-2024 vart det omdisponert 468 dekar dyrka jord i Voss herad, ifylgje KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering). Dette gjev eit snitt på 23 dekar årleg dei siste 20 åra. Omdisponeringa var størst i 2012 og 2014, med kring 100 dekar kvart av desse åra.

NIBIO har gjort ein kontroll mot flyfoto og funne at faktisk nedbygd areal i perioden 2007-2024 er minst 1100 dekar, noko som gjev eit snitt på rundt 65 dekar årleg. Nedbygginga av dyrka jord har såleis vore kring tre gonger høgare enn det som er rapportert omdisponert gjennom KOSTRA. Dette handlar om at KOSTRA berre inkluderer omdisponering til andre føremål enn landbruk etter vedtekne reguleringsplanar, og ikkje nedbygging som fylgje av til dømes nye driftsbygningar og vegar i landbruket. Ein del mindre utbyggingar kan også skje utan reguleringsplan.

Utrekning av jordvernmål

Vestland fylkeskommune viser i sin «Temaplan for landbruk 2023 – 2027» til at Vestland skal ha ein nullvisjon for reduksjon av dyrka jord. Med utgangspunkt i det nasjonale målet om at det ikkje skal omdisponerast meir enn 2000 dekar dyrka jord årleg, kjem fylkeskommunen fram til at det maksimalt kan omdisponerast 180 dekar per år i Vestland.

Dersom me fylgjer same logikk for Voss herad, kjem ein til at om lag 12 dekar dyrka jord kan omdisponerast årleg. Men som kunnskapsgrunnlaget til NIBIO viser, er den reelle nedbygginga vesentleg høgare enn det KOSTRA-tala viser, og det er den reelle nedbygginga som svekkjer matberedskapen vår. Difor er det føreslått eit strammare jordvernmål på 7 dekar dyrka jord årleg.

Føringar for arealdelen til kommuneplanen

Arealrekneskapen til Vestland fylkeskommune viser at over 1600 dekar jordbruksareal er planlagt omdisponert til utbyggingsformål i Voss herad. Etter fyrste runde med kvalitetssikring, der ein mellom



anna har tatt ut areal som i praksis ikkje er byggbart, ligg om lag 850 dekar fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite inne som del av planreserven i heradet.

Heradet skal gjennomføra planvask – gå gjennom områda som er avsett til utbygging, men enno ikkje realiserte – som del av arbeidet med KPA. Ein viktig del av dette arbeidet vert å gå gjennom jordbruksareala som ligg i planreserven, slik at mindre dyrka jord vert avsett til ny utbygging.

Jordvernmål:

Voss herad har ein nullvisjon for reduksjon av dyrka jord. Det skal ikkje omdisponerast meir enn i gjennomsnitt 7 dekar dyrka jord årleg. Jordressursane i Voss herad skal haldast i hevd og ikkje gå tapt. Dette gjeld særleg dyrka jord, men også dyrkbar jord som kan dyrkast opp utan at det påverkar naturmangfaldet negativt.

1. Jordvern i planar

1.1 Det skal ikkje omdisponerast dyrka eller dyrkbar jord til bustader, næring eller fritidsbustader.

1.2 Omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord kan berre vurderast i samband med etablering av viktige samfunnsnyttige føremål og kritisk infrastruktur.

1.3 Jord som er eigna til produksjon av matkorn, potet og rotgrønsaker skal i utgangspunktet ikkje omdisponerast, uansett føremål. I arealsaker skal sakshandsamar nytta kartlag som syner jordressurs og jordkvalitet for å sikra dette.

1.4 Jordressursar som tidlegare er avsett til andre utbyggingsføremål skal vurderast på nytt gjennom planvask. Dersom jorda er avsett til anna enn viktige samfunnsnyttige føremål og kritisk infrastruktur, skal områda som hovudregel takast ut att.

1.5 Omsyn til jordvern skal vera med i vurderingsgrunnlaget for alle saker som gjeld arealbruk. Ein skal då vurderer potensialet for framtidig matproduksjon, ikkje dagens produksjonstal.

1.6 Ved omdisponering av jord skal det setjast høge krav til arealutnytting. Til dømes bør det byggjast i høgda, og parkering bør vera under bakkenivå.

1.7 Arealrekneskap skal nyttast som verktøy for å sikra at me held oss innanfor jordvernmålet og styrer i tråd med måla sett for jordvern.



2. Flytting og kompensering av matjord

2.1 I dei tilfella jord må byggjast ned skal matjorda brukast om att til matproduksjon, anten i nydyrking eller som jordforbetring. Forbetring av innmarksbeite og overflatedyrka jord er betre ressursnyting enn forbetring av fulldyrka jord.

2.2 I dei tilfella matjord må flyttast, skal ein ta omsyn til føringar i «Temaplan for naturmangfald i Voss herad». Jorda som vert flytta skal i størst mogleg grad nyttast til dyrking innanfor utbyggingsområdet for å avgrensa konsekvensen av utbygginga. Dersom det ikkje let seg gjera, bør jorda nyttast så nær utbyggingsområdet som mogleg for å redusera masseforflytting.

2.3 I samarbeid med fylkeskommunen og nabokommunar må det etablerast eit system for å handtera flytting av overskotsmassar for å sikra at jordressursane vert nytta att, forhindra mellombels lagring og førebyggja deponering.

2.4 Både internt i heradet og eksternt blant entreprenørar må ein byggja kunnskap om sortering av jord og handtering av jordmassar, slik at ein opprettheld jordkvaliteten ved flytting.

2.5 I alle reguleringsplanar som omfattar matjord, skal heradet stilla krav til handtering av jorda i tråd med punkt 2.1-2.4. Heradet har høve til å føra tilsyn med at krava vert fylgde.

3. Omsyn til jordressursar i landbruksnæringa

3.1 Bygningar og vegar i landbruket skal i utgangspunktet ikkje leggjast på dyrka eller dyrkbar jord. Det skal stillast krav om vurdering av alternative plasseringar. Nye bustader skal i hovudsak nytta eksisterande vegtilkomst.

3.2 Løyve til bygging av hus nummer to på garden skal, i tråd med krava i jordlova, vurderast ut frå om det er naudsynt for å sikra drift og utvikling av garden, samt leggjast til rette for gode bu- og arbeidsforhold. Løyve til ekstra hus skal også vurderast ut frå behov for hus til tilsette.

3.3 Ved behov for nytt våningshus, hus nummer to eller nye driftsbygningar, må det takast omsyn til trafikktryggleik og bumiljø, og leggjast til rette for rasjonell drift og gode køyreforhold.

3.4 Ved frådellingar i LNF-område skal dyrka jord og dyrkbar jord som hovudregel ikkje delast frå landbrukseigedomen.

3.5 Nye tiltak skal ikkje punktera jordbruks- eller kulturlandslandskapet, og skal plasserast slik at arronderinga til landbrukseigedomane ikkje vert dårlegare enn før tiltaket.



4. Hindra attgroing, og jordvern gjennom bruk

4.1 Grunneigarar skal halda dyrka jord i hevd og sikra aktiv drift av dyrka areal.

4.2 Heradet skal fylgja opp driveplikta for å hindra attgroing. Dette er ikkje berre viktig for å ta vare på jordressursane, men også med omsyn til kulturlandskapet.

4.3 Heradet skal arbeida for å halda flest mogleg bruk i drift, og støtta opp under alternative driftsformer som gjer det rasjonelt å driva små og dårleg arronderte areal.

4.4 Heradet skal bidra til drenering av jord som er råka av auka nedbørsmengder.

5. Sikra matberedskapen og auka produksjonsmangfaldet

5.1 Heradet skal leggja til rette for auka produksjon av poteter, grønnsaker, frukt og bær. Desse produksjonane kan nytta areal som ikkje let seg driva som grovfôrareal etter dagens standard.

5.2 I saker som vedkjem nedbygging av jord skal det synleggjerast kva nedbygginga medfører i form av tapt inntening og tapt matberedskap, både i dag og i framtida.

5.3 Heradet skal fylgja opp arbeidet med jordvern årleg gjennom arealbarometer og arealrekneskap, og kvart fjerde år gjennom ein ny statusrapport for jordvern.

6. Jordvern i utmark

6.1 Heradet skal, saman med beitelaga, arbeida for å kartfesta viktige beiteområde i heradet i samband med utarbeiding og rullering av kommunal beitebruksplan.

6.2 Ved plassering av nye tiltak i utmark skal det takast omsyn til beitebruk og -kvalitet, samt dyrkbart areal.

6.3 Heradet skal arbeida for å redusera attgroing i utmark.